

# Innhold

Hovudpunkt	2
Nøkkeltal	3
Marknadene	4
Porteføljen	8
Marknadsverdi, avkastning og risiko	10
Tema: Frå olje til aksjar	14
Rekneskapsrapportering	18

- Avkastninga i kvartalet -7,7 prosent – lågast i fondshistoria
- Tillitskrise i det finansielle systemet
- Marknadene prisar inn eit økonomisk tilbakeslag
- Rekordstor tilførsel til Statens pensjonsfond – Utland
- Mindreavkastning i NBIMs forvalting på 1,84 prosent – svakast i fondshistoria

# Nøkkeltal

Marknadsverdien for Statens pensjonsfond – Utland var 2 120 milliardar kroner ved utgangen av kvartalet, sjå figur 2–1. Dette var ein auke på 128 milliardar kroner frå utgangen av andre kvartal.


Kursnedgangen i aksjemarknadene i tredje kvartal 2008 var hovudårsaka til at avkastninga målt i ei internasjonal valutakorg vart -7,7 prosent, sjå figur 2–2. Dette var det lågaste kvartalsresultatet i fondshistoria. I tredje kvartal 2008 oppnådde NBIM ei avkastning som var 1,84 prosentpoeng lågare enn avkastninga på referanseporteføljen, svakast i fondshistoria. Dei siste tre åra har den annualiserte mindreavkastninga vore 0,68 prosentpoeng, sjå figur 2–3.

I tredje kvartal 2008 var det rekordstør tilførsel til fondet på 128 milliardar kroner. Avkastninga var -173 milliardar kroner


mens svakare kronekurs auka verdien på fondet med 173 milliardar kroner.

Dei internasjonale finansmarknadene var uvanleg urolege i tredje kvartal med store daglege svingingar i marknadsverdien til fondet og i avkastninga målt mot referanseporteføljen. Fondets forventa absolutte volatilitet, som gir eit statistisk overslag på variasjonar i marknadsverdien over det neste året, har auka stort det siste året og var 15 prosent eller vel 330 milliardar kroner ved utgangen av tredje kvartal 2008.

**Figur 2-1** Marknadsverdi 1999 – 2008. Milliardar kroner




**Figur 2-3** Kvartalsvis og rullerande annualisert meiravkastning siste tre år 2001 – 2008. Prosentpoeng



**Figur 2-2** Kvartalsvis avkastning og rullerande annualisert avkastning siste tre år 2001 – 2008. Prosent



**Figur 2-4** Absolutt volatilitet 2003 – 2008. Prosent og milliardar kroner



# Marknadene

I tredje kvartal utvikla krisa i finanssektoren seg til ei grunnleggjande tillitskrise i det finanzielle systemet. Fleire store finansinstitusjonar tok mot finansiering frå nasjonale styresmakter, somme vart sette under offentleg administrasjon og somme gjekk over ende. Store fall i aksjekursane og lågare obligasjonsrenter speglar auka sannsyn for eit kraftig økonomisk tilbakeslag og lågare inntening i bedriftene som følgje av sviktande tilgang på kreditt.

Den finanzielle krisa vart utløyst sommaren 2007 med fall i prisane på verdipapir utferda mot pant i amerikanske bustadlån med låg kredittkvalitet. Sidan det tidspunktet er kredittkvaliteten i utlåna til dei amerikanske bankane vorten stadig dårligare. Ein viktig indikasjon på dette er den aukande delen av misleghaldne lån, sjå figur 3–1. Samtidig fell verdien på det pantet bankane har, som følgje av lågare eigedomsprisar. Dei store amerikanske bustadlåniinstitusjonane Freddie Mac og Fannie Mae hadde ikkje tilstrekkeleg kapital til å handtere denne utviklinga og vart derfor overtakne av styresmaktene.

Storleiken på marknaden for finanzielle derivat med utgangspunkt i bustadlånporeføljar og andre typar kreditt, har stige kraftig dei seinare åra. Bankar og andre finansinstitusjonar har kunna forsikre seg mot tap på investeringar i slike derivat hos store forsikringsselskap. Verdas største forsikringsselskap AIG hadde ein sentral plass i denne marknaden og fekk problem med refinansiering av låna sine. Dei amerikanske styremaktene valde derfor å ta kontroll over dette selskapet gjennom tilførsel av store lån.

For bankane fører den auka uvissa til at dei krev ein høgare premie for å låne pengar til kvarandre. Differansen mellom den renta bankane tek seg imellom og statsrenta kan sjåast som eit uttrykk for vurderinga bankane gjer av motpartsrisikoen i det finanzielle systemet. Rentedifferansen har jamt vore svært høg sidan sommaren 2007, men steig til nye rekordnivå etter konkursen til Lehman Brothers, den fjerde største investeringsbanken i Amerika, sjå figur 3–2. Konkursen til Lehman førte til store ringverknader i marknaden som ein enno ikkje har full oversikt over.

Det siste året har eksisterande finansinstitusjonar henta inn om lag 350 milliardar USD i ny eigenkapital, sjå figur 3–3. Etter kvart som tapa i sektoren har auka, er det vorte vanskelegare for bankane å hente kapital i marknaden. For fleire bankar har kombinasjonen av store tap og sviktande høve

til å finansiere verksemda ført til konkurs eller overtaking. Store institusjonar som Washington Mutual og Wachovia er døme på dette.


Merrill Lynch, den tredje største amerikanske investeringsbanken, søkte å bli teken over av Bank of America, mens dei to store attverande investeringsbankane Morgan Stanley og Goldman Sachs vart lagde inn under same type regulering som banksektoren elles. Alle dei store amerikanske investeringsbankane har dermed opphørt i si opphavlege form.

Krisa har slege inn i Europa med full tyngd. Styresmaktene i fleire land har valt å tilføre banksystemet ny eigenkapital eller valt å gi eksplisitte garantiar for innskytarane og i nokre tilfelle gjeldsinvestorane sin kapital. I Amerika har styresmaktene valt å etablere ei ordning som skal kunne kjøpe opp problematiske aktiva frå finansinstitusjonane for dermed å kunne betre kapitalsituasjonen.


Gjelda i finansinstitusjonane har vakse kraftig dei seinare åra, og for alle aktørane gjer den sviktande finansieringa at ein søker å redusere storleiken på balansen. Men sal av eigedalar legg auka press på prisane på slike eigedalar, og kan i seg sjølv medverke til å forsterke problema. Fleire store finanzielle aktørar utanfor banksektoren er avhengige av kortsiktig finansiering for å drive aktiviteten sin. Når denne finansieringa fell bort, må posisjonane reduserast raskt. Denne nedbygginga av risiko førde til auka volatilitet og store utslag i ulike verdipapirmarknader.

Det er aukande risiko for at den manglande evna og viljen bankane har til å yte kreditt, kan få store konsekvensar for økonomisk vekst og inntening i bedriftene. Mens marknaden ved inngangen til kvartalet la stor vekt på tiltakande inflasjonsforventingar, skifta merksemda raskt til det auka sannsynet for eit kraftig tilbakeslag for økonomisk vekst og inntening som følgje av sviktande tilgang på kreditt. Store fall i aksjekursane og lågare obligasjonsrenter speglar dette.


**Figur 3-1** Utlån frå amerikanske bankar til bustadføremål. Sesongjustert årleg rate




**Figur 3-3** Ny eigenkapital i finansinstitusjonane. Milliardar amerikanske dollar




**Figur 3-5** Indeksert avkastning ved investeringar i helsetenester og i råvareindustrien




**Figur 3-2** Differansen mellom lånerenta bankane har i pengemarknadene og amerikansk statsgjeld.<sup>1)</sup> Prosentpoeng




**Figur 3-4** Regional aksjemarknadsavkastning (felles valuta, indeksert)



**Figur 3-6** Forventa volatilitet i den amerikanske aksjemarknaden





## Aksjemarknadene

Avkastninga på den breie FTSE Global All Cap-indeksen var -16,2 prosent målt i amerikanske dollar. Dei seinare åra har framveksande marknader hatt ei vesentleg høgare avkastning enn dei industrialiserte landa. Denne utviklinga reverserte seg i nokon grad i tredje kvartal. Framveksande marknader fall med 17 prosentpoeng meir enn Nord-Amerika, som var den sterkeste regionen, sjå figur 3–4.

Variasjonen i den regionale avkastninga speglar eit skift i forventingane marknaden har til den økonomiske veksten framover. Dette biletet er endå tydelegare for sektoravkastninga, sjå tabell 3–1. Over fleire år har råvaresektoren hatt ei vesentleg sterke avkastning enn sektorar som er mindre eksponerte mot dei økonomiske konjunkturane, eksempelvis helsetenester. Denne trenden er definitivt broten dei seinare månadene, sjå figur 3–5.

Omslaget i aksjemarknaden kom brått og dramatisk. Dette kan eksempelvis observerast gjennom den såkalla VIX-indeksen som måler kva for aksjemarknadsvolatilitet som er forventa i opsjonsmarknaden på den amerikanske aksjemarknaden, sjå figur 3–6. Basert på historiske samanlikningar står prisinga av aksjemarknaden fram som låg. For eksempel er utrekna dividendeavkastning høg, figur 3–7.

## Rentemarknadene


Rentenivået i hovudmarknadene fall i tredje kvartal, sjå figur 3–8. Tiårsrenta i USA fall med om lag 0,15 prosentpoeng og tilsvarende renter i Europa og Japan med høvesvis 0,60 og 0,15 prosentpoeng.

Samla sett gav den breie renteindeksen Lehman Global Aggregate ei avkastning på 0,8 prosent i kvartalet. Det var likevel stor variasjon i avkastninga mellom dei ulike delmarknadene. Sektoren for selskapskredittar hadde om lag 5 prosentpoeng lågare avkastning enn statsobligasjonar i kvartalet, noko som er eit monaleg utslag, sjå figur 3–9. Innanfor sektoren for selskapskredittar var det særleg obligasjonar utferda av finansinstitusjonar som gjorde det svært svakt, sjå figur 3–10. Dette kan knytast opp mot konkursar og tillitskrise i finanssektoren.

Mens utviklinga i andre kvartal var prega av auka råvareprisar og uvisse omkring effektane på inflasjonsutviklinga, endra dette seg kraftig i tredje kvartal. Indikatorar på den økonomiske aktiviteten, slik som fraktratar, fall dramatisk, sjå figur 3–11. Lågare vekstforventingar og store fall i råvareprisane førde til fall i inflasjonsforventingane. Eksempelvis fall den forventa inflasjonen som kan lesast ut frå differansen mellom rentene på realrenteobligasjonar og nominelle obligasjonar kraftig, sjå figur 3–12.

**Tabell 3–1** Avkastning på FTSEs indeks fordelt på næringssektorar. Prosent målt i amerikanske dollar. Tredje kvartal 2008

Næringssektor	Avkastning
Helsetenester	-2,57
Forbruksvarer	-7,43
Forbrukstenester	-7,94
Finansielle tenester	-10,21
Teknologi	-15,40
Telekommunikasjon	-16,04
<b>FTSEs verdsindeks</b>	<b>-16,24</b>
Energi og vassforsyning	-18,10
Generell Industri	-18,67
Olje og gass	-28,89
Råvarer	-37,46




**Figur 3-7** Estimert dividendeavkastning i aksjemarknaden



Kjelde: FTSE, NBIM

**Figur 3-9** Avkastning på ulike typar obligasjoner

**Figur 3-8** Renter på statsobligasjoner med 10 års løpetid. Prosent




Kjelde: Ecowin

**Figur 3-10** Avkastning på ulike grupper selskapsobligasjoner




Kjelde: Lehman Global Aggregate


**Figur 3-11** Fraktratar tørrlast. Indeks



**Figur 3-12** Prisa inflasjonsforventingar i den amerikanske marknaden for realrenteobligasjoner. Prosent.



Kjelde: The Baltic Exchange, Ecowin



# Porteføljen

Den strategiske allokeringa til aksjar vart auka frå 40 til 60 prosent sommaren 2007. Den faktiske opptrappinga av aksjedelen er pågående. Aksjedelen i fondet held seg omtrent uendra i tredje kvartal, sjå figur 4–1. Auken i den strategiske allokeringa til aksjar og tilførselen av midlar til fondet inneber at eigardelen fondet har i aksjemarknadene, stig.

I tredje kvartal steig verdien av fondets eigarskap i europeiske aksjar til 1,25 prosent av den samla verdien på selskapa som er med i referanseporteføljen, sjå figur 4–2. Også i dei to andre geografiske regionane auka gjennomsnittleg eigardel, men nivået er noko lågare fordi fondsdelen av marknadskapitaliseringa er lågare. Motstykket til auka eigardel for aksjar er lågare eigardelar i rentemarknadene, sjå figur 4–3.


NBIM bruker eksterne forvaltarar i gjennomføringa av forvaltingsoppdraget. Ved utgangen av tredje kvartal utgjorde kapital under forvalting av eksterne forvaltarar 13,5 prosent av den samla kapitalen i fondet, sjå figur 4–4.

Både på aksje- og rentesida har fondet ei strategisk overvektiging av europeiske investeringar sett i forhold til marknadene i global samanheng.


Dette vil seie at det vil vere ein tendens til at store europeiske selskap og europeiske utferdarar av obligasjonar dominerer lista over dei største investeringane fondet har, sjå tabell 4–1 og 4–2.

Fondet kan eige opp til 10 prosent av aksjane med stemmerett i eit selskap. Denne avgrensinga vart auka frå 5 prosent etter at Stortingets gav tilslutning til endringa i juni 2008. Ved utgangen av tredje kvartal låg dei største eigardelane fondet held i enkeltselskap, tett opp til 6 prosent.

**Figur 4–1** Fordeling på aktivaklassar 2004 – 2008. Prosent




**Figur 4–2** Eigardelar i aksjemarknadene<sup>1)</sup> 1998 – 2008. Prosent



<sup>1)</sup> Som prosentdel av marknadskapitaliseringa til FTSE-indeksen.  
Kjelder: FTSE og NBIM


**Figur 4-3** Eigardelar i rentemarknadene 1998 – 2008. Prosent




<sup>1)</sup> Som prosentdel av marknadskapitaliseringa til Lehman-indeksen.

Kjelder: Lehman og NBIM


**Figur 4-5** Regionfordeling av aksjeporteføljen, per 30. september 2008. Prosent



**Figur 4-4** Ekstern forvalting 1998 – 2008. Milliardar kroner og prosentdel



**Figur 4-6** Regionfordeling av renteporteføljen, per 30. september 2008. Prosent



**Tabell 4-1** Største aksjebeholdninger per 30. september 2008

Selskap	Land	Behaldning i millionar kroner
HSBC Holdings plc	Storbritannia	14 199
Royal Dutch Shell plc	Nederland	13 481
Nestle SA	Sveits	13 418
BP plc	Storbritannia	11 315
TOTAL SA	Frankrike	9 417
Exxon Mobil Corporation	USA	9 255
Vodafone Group plc	Storbritannia	8 581
Novartis AG	Sveits	7 962
E.ON AG	Tyskland	7 941
Roche Holding AG	Sveits	7 806

**Tabell 4-2** Største obligasjonsbeholdninger per 30. september 2008

Utfører	Land	Behaldning i millionar kroner
Tyske stat	Tyskland	108 228
Fannie Mae	USA	74 364
Italienske stat	Italia	62 924
European Investment Bank	Int. organisasjon	47 383
Japanske stat	Japan	47 122
Freddie Mac	USA	37 599
Franske stat	Frankrike	26 600
HBOS plc	Storbritannia	22 970
Greske stat	Hellas	18 529
AyT Cedulas Cajas	Spania	16 634

# Marknadsverdi, avkastning og risiko


Marknadsverdien av Statens pensjonsfond – Utland var 2 120 milliardar kroner ved utgangen av tredje kvartal 2008. Fondets samla avkastning var -7,68 prosent, mens avkastninga sett i forhold til referanseporteføljen var -1,84 prosent.

Det vart tilført nye midlar for 128 milliardar kroner i tredje kvartal 2008, sjå tabell 5-1. Dette var den største kvartalsvise tilførselen i fondshistoria. Negativ avkastning på investerte midlar medverka til å redusere verdien med 173 milliardar kroner. Som følgje av ein svakare kronekurs i forhold til dei valutaene som fondet er investert i, auka fondets kroneverdi med 173 milliardar kroner. Endring i kronekursen har likevel ikkje noko å seie for den internasjonale kjøpekrafta fondet har.

Dei siste tolv månadene har marknadsverdien av fondet auka med 188 milliardar kroner, sjå figur 5–1. Tilførsel av nye midlar har utgjort 384 milliardar kroner, mens negativ avkastning målt i internasjonal valuta har medverka til å redusere marknadsverdien med 341 milliardar kroner. Ein svakare kronekurs har medverka til å auke fondsverdien med 145 milliardar kroner dei siste tolv månadene.

Fondet hadde i tredje kvartal 2008 ei periodeavkastning på -7,68 prosent målt i internasjonal valuta, sjå tabell 5–1. Aksjeporereføljen hadde ei avkastning på -13,12 prosent og renteporereføljen ei avkastning på -1,19 prosent. Frå 1. januar 1998 har fondet hatt ei annualisert årleg brutto avkastning på 4,1 prosent, sjå tabell 5–2. Etter frådrag for forvaltungskostnader og prisstiging, er årleg netto realavkastning rekna til 1,9 prosent.

**Figur 5-1** Endring i marknadsverdi fjerde kvartal 2007 – tredje kvartal 2008. Milliardar kroner




Avkastninga som Noregs Bank oppnår på faktisk portefølje, blir målt i forhold til avkastninga på referanseporteføljen som Finansdepartementet har fastsett. Forskjellen mellom avkastningstala viser NBIMs medverking til forvaltingsresultatet. Avkastninga til fondet var i tredje kvartal 1,84 prosentpoeng lågare enn avkastninga på referanseporteføljen, sjå tabell 5–1.

Det var negative resultat i perioden både frå aksjeforvaltinga og renteforvaltinga. I underkant av halvparten av tapa i tredje kvartal var knyttet til aksjeforvaltinga. Som del av dei samla tapa kom om lag ein firedel frå intern aksjeforvalting, om lag ein seksdel frå ekstern aksjeforvaltning og noko under ein tidel frå deltaking i kapitalutvidingar i seks ulike finansinstitusjonar. I renteforvaltinga var det tap hovudsakleg frå eksponering mot amerikanske bustadlånsobligasjonar, kreditobligasjonar utferda av finansinstitusjonar i Europa og investeringar i realrenteobligasjonar. Desse investeringane blei i hovudsak gjorde før finanskrisa sette inn i 2007 og er i dag lite likvide. Tapa er eit framhald av utviklinga vi har sett sidan sommaren 2007.

Det er transaksjonskostnader knytte til innfasing av nye midlar til Pensjonsfondet og til omvekting av referanseporteføljen. Noregs Bank har estimert dei direkte og indirekte transaksjonskostnadene knytte til innfasing av nye midlar til

**Figur 5-2** Absolutt volatilitet 2004 – 2008. Prosent. Målt i norske kroner



**Tabell 5-1** Nøkkeltal per 30. september 2008. Kvartalstal

	<b>2.kv. 2007</b>	<b>3.kv. 2007</b>	<b>4.kv. 2007</b>	<b>1.kv. 2008</b>	<b>2.kv. 2008</b>	<b>3.kv. 2008</b>
<b>Marknadsverdi (mrdr. kroner)</b>						
Marknadsverdien av renteinvesteringane	1 120	1 054	1 061	1 011	961	997
Marknadsverdien av aksjeinvesteringane	819	878	958	935	1 031	1 123
Marknadsverdien av fondet	1 939	1 932	2 019	1 946	1 992	2 120
Tilførsel i kvarteret	68	76	77	88	91	128
Avkastning i kvarteret	42	21	-14	-115	-39	-173
Endring som følge av svingingar i NOK-kurseren	-46	-104	24	-46	-6	173
<b>Fondsavkastninga målt i internasjonal valuta (prosent)</b>						
Avkastninga av aksjeporføljen	7,40	-0,30	-2,77	-12,67	-1,60	-13,12
Avkastninga av renteporføljen	-1,19	2,10	1,30	0,87	-1,72	-1,19
Avkastninga av fondet	2,23	1,15	-0,64	-5,62	-1,87	-7,68
Avkastninga av referanseporføljen	1,93	1,33	-0,20	-4,79	-2,10	-5,98
<b>Avkastninga av fondet målt i norske kroner (prosent)</b>						
Avkastninga av aksjeporføljen	4,86	-5,57	-1,59	-14,71	-1,90	-5,84
Avkastninga av renteporføljen	-3,53	-3,29	2,53	-1,49	-2,02	7,08
Avkastninga av fondet	-0,19	-4,20	0,56	-7,83	-2,17	0,06
Avkastninga av referanseporføljen	-0,49	-4,03	1,01	-7,02	-2,41	1,89
Meiravkastning	0,30	-0,17	-0,45	-0,81	0,24	-1,84
<b>Kostnader i forvaltinga (prosent)</b>						
Utrekna innfasingskostnader	0,01	0,02	0,04	0,05	0,03	0,08
Annualiserte forvaltingskostnader	0,09	0,09	0,09	0,10	0,10	0,09
<b>Verdiutvikling sidan oppstart (mrdr. kroner)</b>						
Samla tilførsel	1 603	1 679	1 756	1 844	1 935	2 063
Samla avkastning	496	518	504	390	352	179
Kronekursjustering	-160	-265	-242	-288	-295	-122
Marknadsverdien av fondet	1 939	1 932	2 019	1 946	1 992	2 120

1,7 milliardar kroner i tredje kvartal 2008. Dette utgjorde 1,3 prosent av overføringsbeløpet på 128 milliardar kroner og 0,08 prosent av marknadsverdien til fondet ved inngangen til kvartalet. Referanseporteføljen er ikke justert for desse påførde transaksjonskostnadene. Dermed er den målte meiravkastninga lågare enn ho ville ha vore utan kostnadene knytte til innfasinga av nye midlar.


Ura i dei internasjonale aksje- og rentemarknadene fører med seg store svingingar i marknadsverdien til fondet. Fondets forventa absolutte volatilitet er eit statistisk mål, som gir eit modellbasert overslag på «normale» variasjonar i marknadsverdien over det neste året. Sidan sommaren 2007 har marknadsswingane vore langt frå normale, slik at modellen er mindre treffsikker enn tidlegare. Marknads-swingane målt ved absolutt volatilitet har stige sidan sommaren 2007, sjå figur 5–2. Ved utgangen av tredje kvartal var den absolute volatiliteten for fondet målt i norske kroner rundt 330 milliardar kroner.

Risikoramma i forvaltingsmandatet frå Finansdepartementet er uttrykt i form av ei grense på 1,5 prosentpoeng forventa relativ volatilitet under normale marknadsforhold. Risikomodellen estimerer kor store variasjonar som kan ventast i avkastninga basert på samansettningen av porteføljen sett i forhold til referanseindeksen, og nyttar historiske marknadsdata for dei kjende risikofaktorane som porteføljen er eksponert mot. Føresetnaden for modellen vil til dels bryte saman i periodar med unormalt store marknadsswingingar som vi har sett det siste halvtanna året og som nådde sitt foreløpige klimaks i etterkant av konkursen til Lehman Brothers. For siste år, og i særleg grad siste kvartal, synest det som om modellert risiko uttrykt gjennom forventa relativ volatilitet, har underestimert den faktiske risikoen i porteføljen. Konfidensintervall for modellert risiko og realisert meiravkastning er vist i figur 5–3.


Forventa volatilitet kan svinge mykje også ved uendra grad av aktiv forvalting. Dette kjem av at måla blir påverka av ulike trekk i marknadsutviklinga, som til dømes endringar i volatiliteten i marknadene og i korrelasjonar mellom dei ulike aktivklassane og verdipapir. I 2008 har NBIM redusert graden av aktiv forvalting, men likevel steig forventa relativ volatilitet kraftig i tredje kvartal, sjå figur 5–4 og 5–5.

Finansdepartementet har gjennom forskrift og utfyllande retningslinjer for fondet fastsett grenser for risiko og eksponering. Desse grensene og den faktiske tilpassinga i porteføljen går fram av tabell 5–4. Det var i kvartalet ingen brot på investeringsretningslinjene.


**Figur 5–3 Standardavvik for risiko og realisert meiravkastning 1999 – 2008 . Basispunkt**



**Figur 5–4 Forventa og faktisk relativ volatilitet 1999 – 2008. Basispunkt**



**Figur 5–5 Forventa relativ volatilitet september 2007 – september 2008. Basispunkt**



**Tabell 5-2** Nøkkeltal per 30. september 2008. Annualiserte tal

(Målt i norske kroner)	Siste år	Siste 3 år	Siste 5 år	Siste 10 år	Sidan 1.1.1998
Porteføljeavkastning (prosent)	-9,27	-1,28	2,40	3,30	3,55
Referanseavkastning (prosent)	-6,60	-0,60	2,61	3,18	3,42
Meiravkastning (prosentpoeng)	-2,67	-0,68	-0,20	0,13	0,14
Standardavvik (prosent)	8,71	8,39	8,19	8,56	8,43
Relativ volatilitet (prosentpoeng)	1,63	1,09	0,87	0,69	0,67
Informasjonsrate	-1,64	-0,61	-0,23	0,18	0,20
(Målt i internasjonal valuta)					
Brutto årleg avkastning (prosent)	-15,06	-0,43	4,01	4,15	4,06
Årleg prisvekst (prosent)	3,48	2,86	2,57	2,06	2,01
Årlege forvaltingskostnader (prosent)	0,09	0,10	0,10	0,09	0,09
Årleg netto realavkastning (prosent)	-18,01	-3,30	1,30	1,95	1,91
Årleg brutto meiravkastning (prosent)	-2,51	-0,69	-0,21	0,12	0,13

**Tabell 5-3** Renteporbeføljen fordelt etter kredittvurdering <sup>1)</sup>

Prosent av renteporbeføljen	Inga vurdering							
	Aaa	Aa	A	Baa	Ba	Lågare	P-1	
Stats- og statsrelaterte obligasjoner	19,9	12,3	2,5	0,5	0,2	0,1	-	0,9
Inflasjonsindekserte obligasjoner	5,8	3,2	0,2	-	-	-	-	-
Selskapsobligasjoner	0,9	6,0	7,1	5,8	0,4	0,4	-	0,1
Pantesikre obligasjoner	30,7	1,4	0,9	0,2	0,1	0,1	-	0,2
Sertifikat	-	-	-	-	-	-	0,1	0,0
<b>Sum obligasjoner og andre renteberende verdipapir</b>	<b>57,3</b>	<b>22,9</b>	<b>10,7</b>	<b>6,5</b>	<b>0,7</b>	<b>0,6</b>	<b>0,1</b>	<b>1,1</b>

<sup>1)</sup> Basert på kredittvurdering frå minst eitt av kredittvurderingsbyråa Moody's, Standard & Poor's og Fitch. Kategorien "inga vurdering" inkluderer verdipapir som ikkje er vurderte av desse tre byråa. Desse verdipapira kan vere vurderte av andre, lokale byrå.

**Tabell 5-4** Nøkkeltal for risiko og eksponering

Risiko	Grenser	Faktisk		
		31.12.2007	30.6.2008	30.9.2008
Marknadsrisiko	Maksimalt 1,5 prosentpoeng relativ volatilitet	0,43	0,36	0,98
Aktivafordeling	Renteporbeføljen 30-70%	52,6	48,2	47,0
	Aksjeporbeføljen 30-70%	47,4	51,8	53,0
Marknadsfordeling aksjer	Europa 40-60%	48,8	50,4	48,8
	Amerika / Afrika 25-45%	36,4	34,4	36,3
	Asia / Oseania 5-25%	14,8	15,2	14,9
Valutafordeling renter	Europa 50-70%	59,4	58,7	59,4
	Amerika 25-45%	35,1	35,3	35,3
	Asia / Oseania 0-15%	5,5	6,0	5,3
Eigardel	Største eigardel maksimalt 10% (frå juni 2008)	4,99	4,99	5,96

# Frå olje til aksjar

Tilførselen av ny kapital til Statens Pensjonsfond – utland blir i stor grad fastsett av storleiken på statens jamne inntekter frå produksjon av olje og gass. Oppbygginga av fondet kan derfor sjåast som ei omveksling av naturressursar som ikkje kan fornyast til sparing i internasjonale finansmarknader. Fondet er no i ein fase der aksjedelen blir auka med sikte på å betre det langsigke forholdet mellom avkastning og risiko. Denne oppbygginga skjer på eit tidspunkt der byteforholdet mellom petroleumsressursar og eigenkapitalinvesteringar er gunstigare for ein oljeprodusent enn tidlegare i fondshistoria.

I heile levetida for fondet og særleg dei seinare åra har oljeprisen vore aukande, sjå figur 6–1. Denne utviklinga har gitt grunnlag for auka tilførsler til fondet. I tredje kvartal 2008 vart fondet tilført 128 milliardar kroner, det største beløpet til no i eit enkelt kvartal, sjå figur 6–2.

I juni 2007 vart det vedteke å auke aksjedelen i fondet frå 40 til 60 prosent. Denne avgjerala tek sikte på å betre det langsigke forholdet mellom avkastning og risiko for fondet, og speglar at eigar har ein lang horisont for den strategiske investeringsavgjerdna og stor kapasitet til å bere risiko. For eit stort fond som Statens Pensjonsfond – Utland må denne strategiske endringa fasast inn over tid.

Sidan fondet tok til å investere i aksjemarknadene i 1998 har avkastninga i desse marknadene gått gjennom store svingingar. Ein topp vart nådd under IT-bobla i 2000 og på ny før finanskrisa greip om seg i 2007, sjå figur 6–3.


Aksjedelen blir no auka i ein periode der storleiken på avsetningane er store, men usikre, som følgje av høge og volatile råvareprisar. Både i olje- og aksjemarknaden har denne volatiliteten vore stigande inneverande år, men over tid er volatiliteten i oljemarknaden langt høgare enn i aksjemarknaden, sjå figur 6–4.

Det er viktig at innfasinga skjer på ein måte som sikrar potensialet for langsigke avkastning for fondet. Uvissa om framtidig avkastning i finansmarknadene er slik at det for eit fond som byggjer eigarskap i aksjemarknadene over tid, sjeldan er føremålstenleg å forsøke å treffe rett tidspunkt for jamlege investeringar.


Spørsmålet om tidspunkt for investeringane kan likevel analyserast frå ein annan vinkel. Gitt at dei auka aksjeinvesteringane skjer basert på inntekter som blir skapte i petroleumssektoren, så er det særleg interessant å observere korleis byteforholdet mellom olje- og aksjeinvesteringar utviklar seg over tid.

Kjøpekrafta til olje har styrkt seg vesentleg dei seinare åra. Dette kan illustrerast ved å sjå verdien av den samla årlege oljeproduksjonen i verda relativt til marknadsverdien på aksjemarknadene i verda. Mens eit års oljeproduksjon på slutten av 1990-talet berre utgjorde 2 til 3 prosent av marknadsverdien på selskapa som er med i FTSE World Indeks, har verdien i 2008 utgjort over 10 prosent, sjå figur 6–5. Denne analysen tek omsyn til den auka oljeproduksjonen over tid.


**Figur 6-1** Spotpris på Råolje (Brent i USD).




**Figur 6-2** Tilførsel til SPU 2003–2008, Milliardar kroner



**Figur 6-3** FTSE World indeks, Indeksverdi



**Figur 6-4** Annualisert volatilitet, prosent



Figur 6–6 viser utviklinga i kjøpekraft til eit fat olje relativt til utviklinga i marknadsverdien på den globale aksjemarknaden. Vi ser at eit fat olje i 2008 har kunna kjøpe meir enn tre gonger så stor del av aksjemarknaden som då fondet starta aksjeinvesteringar i 1998. Men sidan verdsetjinga av aksjemarknadene har falle relativt til den underliggjande innntenninga i bedriftene, er biletet endå klårare dersom analysen tek utgangspunkt i kor stor eksponering mot faktisk inntening i bedriftene eigarskap i aksjemarknaden gir. I 2008 har sal av eit fat olje og kjøp av internasjonale aksjemarknader gitt ei eksponering mot faktisk inntening i bedriftene som er meir enn ti gonger høgare enn kva som var tilfelle i 1998.

Resultatet av utviklingstrekka som er omtalte her, er at eigardelane Staten Pensjonsfond – utland har i dei internasjonale aksjemarknadene er raskt stigande, sjå figur 6–7. Dette kjem både av innfasinga av ein høgare aksjedel i porteføljen og at byteforholdet mellom petroleumsressursar og eigenkapitalinvesteringar er vesentleg gunstigare enn tidlegare i fondshistoria.


**Figur 6–5** Kjøpekrafta til eit fat olje i aksjemarknaden



**Figur 6–6** Verdien av oljeproduksjonen i verda relativt til marknadsverdien på FTSE World Indeks



**Figur 6–7** Gjennomsnittleg eigardel i aksjemarknaden





# Rekneskapsrapportering

## Resultatrekneskap og balanse

### Resultatrekneskap

(tal i millionar kroner)	3. kv. 2007	3. kv. 2008	31.12.2007	30.9.2007	Til no i året 30.9.2008
<i>Resultat frå finansielle egedelar ekskl. valutakursreguleringar</i>					
Renteinntekter innskot i utanlandske bankar	70	113	431	298	335
Renteinntekter utlån knytte til tilbakesalsavtalar	9 940	3 390	33 564	26 080	12 636
Netto inntekt/kostnad – gevinst/tap frå:					
- aksjar og andelar	-5 615	-162 980	41 627	65 152	-299 477
- obligasjoner og andre renteberande verdipapir	20 031	-11 775	19 750	6 445	-24 290
- finansielle derivat	109	-9 165	5 265	7 397	-6 003
Rentekostnad innlån knytt til tilbakekjøpsavtalar	-8 263	-5 179	-32 509	-24 295	-16 469
Andre rentekostnader	-28	-38	-118	-174	-279
Andre kostnader	-42	6	-179	-139	93
<b>Sum resultat frå forvalting før valutakursreguleringar</b>	<b>16 202</b>	<b>-185 628</b>	<b>67 831</b>	<b>80 765</b>	<b>-333 455</b>
Valutakursreguleringar	-99 302	185 712	-146 412	-168 968	127 643
<b>Sum resultat</b>	<b>-83 100</b>	<b>83</b>	<b>-78 581</b>	<b>-88 203</b>	<b>-205 811</b>
Påkomen forvaltingsgodtgjering	-482	-408	-1 783	-1 320	-1 370
<b>Resultat etter forvaltingsgodtgjering tilført kronekonto</b>	<b>-83 582</b>	<b>-325</b>	<b>-80 364</b>	<b>-89 523</b>	<b>-207 181</b>

### Balanse

(tal i millionar kroner)	31.12.2007	30.9.2007	30.9.2008
<b>EIGEDELAR</b>			
<b>FINANSIELLE EIGEDELAR</b>			
Innskot i utanlandske bankar	23 905	26 626	14 104
Utlån knytt til tilbakesalsavtalar	669 607	698 791	383 538
Aksjar og andelar	945 113	854 437	1 115 384
Obligasjoner og andre renteberande papir	1 120 540	1 105 502	1 218 268
Finansielle derivat	2 094	4 110	0
Andre krav	5 229	23 489	62 922
<b>SUM FINANSIELLE EIGEDELAR</b>	<b>2 766 488</b>	<b>2 712 955</b>	<b>2 794 216</b>
<b>GJELD OG EIGARKAPITAL</b>			
<b>FINANSIELL GJELD</b>			
Kortsiktig innlån	187	1 703	573
Innlån knytt til tilbakekjøpsavtalar	710 898	727 477	623 410
Finansielle derivat	0	0	12 090
Uoppgjorde handlar	33 480	51 471	30 820
Anna gjeld	3 185	0	7 373
Skuldig forvaltingsgodtgjering	1 783	1 320	1 370
<b>SUM FINANSIELL GJELD</b>	<b>749 533</b>	<b>781 970</b>	<b>675 635</b>
Eigarkapital Note 3	2 016 955	1 930 985	2 118 581 *)
<b>SUM GJELD OG EIGARKAPITAL</b>	<b>2 766 488</b>	<b>2 712 955</b>	<b>2 794 216</b>

\*) Balansen visar ein total verdi for eigarkapital som er 72 millionar kroner lågare enn den som kjem fram i månadsbalansen for september for Noregs Bank. Dette kjem av forhold som er avdekte etter framlegging av månadsbalansen.

Fondsrekneskaperen er ein del av, og er utdrag frå, Noregs Banks balanse og rekneskap.

### Note 1. Rekneskapsprinsipp

Delårsrekneskaperen for tredje kvartal er utført i samsvar med rekneskapsprinsippa for Noregs Bank vedtekne av Representantskapet 13. desember 2007. Ein omtale av dei rekneskapsprinsippa som er lagde til grunn ved avlegging av rekneskaperen, kjem fram i årsrekneskaperen for 2007.

Delårsrekneskaperen inneholder ikkje all informasjon som er kravd i ein fullstendig årsrekneskap, og bør lesast i samanheng med årsrekneskaperen for 2007.

Utarbeidning av rekneskapsrapporteringa for Noregs Bank inneber bruk av estimat og vurderingar som kan påverke eigedelar, gjeld, inntekter og kostnader. Under rekneskapsprinsipp i årsrekneskaperen for 2007 er det gjort nærmere greie for vesentlege estimat og føresetnader.

### Note 2. Forvaltingskostnadar

Forvaltingsavtalen mellom Finansdepartementet og Noregs Bank fastset prinsippa for den godtgjeringa Noregs Bank skal ta mot for forvaltinga av Statens pensjonsfond – Utland. For 2008 skal ho dekke dei faktiske kostnadene banken har, føresett at desse kostnadene er lågare enn eit tak på 0,10 prosent av den gjennomsnittlige marknadsverdien av fondet. I tillegg blir honorar til eksterne forvaltarar dekte som følgje av oppnådd meiravkastning. Avtalar om avkastningsavhengige honorar er gjorde med dei fleste eksterne aktive forvaltarar, etter prinsipp som er godkjende av Finansdepartementet.

Rekna om til årleg rate utgjorde dei samla kostnadene 0,09 prosent av gjennomsnittleg marknadsverdi av fondet i perioden januar – september 2008, sjå tabellen under. Sett bort frå avkastningsavhengige honorar til eksterne forvaltarar utgjorde kostnadene 0,07 prosent av marknadsverdien. Til samanlikning utgjorde tilsvarande kostnader 0,08 prosent av marknadssverdi i same periode 2007.

Forvaltingskostnader. I tusen kroner og i prosent av marknadsverdien av fondet. Tre første kvartal 2007 og 2008

Kostnadskomponent	Januar – september 2008		Januar – september 2007	
	1 000 kroner	Prosent	1 000 kroner	Prosent
Interne kostnader	495 637		447 754	
Kostnader til depot og oppgjer	215 967		207 671	
Minimumshonorar til eksterne forvaltarar	262 695		396 237	
Avkastningsavhengige honorar til eksterne forvaltarar	259 721		198 394	
Andre kostnader	135 771		69 513	
<b>Sum alle forvaltingskostnader</b>	<b>1 369 791</b>	<b>0,09</b>	<b>1 319 569</b>	<b>0,09</b>
<b>Sum forvaltingskostnader, eksklusive avkastningsavhengige honorar</b>	<b>1 110 070</b>	<b>0,07</b>	<b>1 121 175</b>	<b>0,08</b>

### Note 3 Eigars kapital

(tal i millionar kroner)

Innskot kronekonto per 1.1	2 016 956
Tilførsel i året	308 806
Resultat tilført kronekonto	-205 811
<b>Eigarkapital før fråtrekk av forvaltingsgodtgjering</b>	
Forvaltingsgodtgjering til Noregs Bank	-1 370
<b>Eigarkapital – Innskot kronekonto</b>	<b>2 118 581</b>

	30.9.2008	31.12.2007	30.9.2007
	2 016 956	1 782 139	1 782 139
	308 806	315 180	238 369
	-205 811	-78 581	-88 203
<b>Eigarkapital før fråtrekk av forvaltingsgodtgjering</b>	<b>2 119 951</b>	<b>2 018 738</b>	<b>1 932 305</b>
Forvaltingsgodtgjering til Noregs Bank	-1 370	-1 783	-1 320
<b>Eigarkapital – Innskot kronekonto</b>	<b>2 118 581</b>	<b>2 016 955</b>	<b>1 930 985</b>

#### **Note 4. Utlån av verdipapir**

Sum utlån av verdipapir gjennom eksterne utlånsprogram utgjorde 435,1 milliardar kroner per 30. september 2008. For dette er det stilt sikkerheit for 461,7 milliardar kroner. Av den stilt sikkerheita er 202 milliardar kroner reinvesterte i tilbakesalsavtalar og obligasjonar. Stilt sikkerheit og reinvesteringar er ikkje inkluderte i balansen per 30. september 2008, i tråd med bankens rekneskapsprinsipp.

Total avsetning for urealisert verditap på reinvestert stilt kontantsikkerheit var 5,1 milliardar kroner per 30. september 2008. Per 31. desember 2007 var tilsvarende avsetning 3,1 milliardar kroner. Verditapet er rekna ut på bakgrunn av marknadsverdi på reinvesteringane. Av dette er 4,1 milliardar kroner urealisert tap basert på verdsetjing ved bruk av ordinære priskjelder (fordelt på 1,9 milliardar kroner for verdipapiriserte obligasjonar, 1,2 milliardar kroner for selskapsobligasjonar og 1 milliardar kroner for structured investment vehicles), mens 1 milliardar kroner er likviditetsfrådrag i samband med prisjusteringsmetoden (sjå note 5). Det er rekneskapsført eit urealisert verditap på desse reinvesteringane for dei første ni månadene av året på 2 milliardar kroner. Dette kjem fram på resultatlinja netto inntekt/kostnad og gevinst/tap frå obligasjonar og andre renteberande verdipapir. Denne delen av reinvesteringsprogrammet vart frozen for eit år sidan, og investeringane vil bli reduserte etter kvart som obligasjonane går til forfall.

#### **Note 5. Verdsetjing av finansielle instrument**

I september månad auka uroa i finansmarknadene og uvissa rundt prising av enkeltinstrument var større enn normalt. Uvissa er i denne perioden likevel rekna til å vera avgrensa for hovuddelen av fondsinvesteringane. Hovuddelen av behaldninga i verdipapir og finansielle derivat, målt i marknadsverdi, blir verdsett ved bruk av marknadsprisar som kan observerast. Det blir innhenta prisar frå fleire kjelder og er etablert ein prosess for kvalitetssikring for å sikre at det blir brukt uavhengige prisar som i størst mogleg grad speglar verkeleg verdi.

Der ein ikkje har tilgjengeleg marknadsprisar som kan observerast fordi det ikkje finst nokon aktiv marknad for instrumentet, bruker ein modellar i verdsetjinga av porteføljens posisjonar. Dette gjeld somme illikvide obligasjonar, inkludert verdipapiriserte obligasjonar, og OTC-derivat. For dei fleste av desse bruker ein marknadsdata som kan observerast som input til modellane, mens ein mindre del blir verdsett ved bruk av avleidde eller estimerte data. Det vil vere størst uvisse knytt til om den resulterande prisen

reflekterer verkeleg verdi for den siste kategorien. Delen av instrument som er omfatta av modellprising, har auka noko i kvartalet.

Verdsettingsmetodane innan gruppa som omfattar modellprising ved bruk av avleidde eller estimerte data, inkluderer bruk av ein prisjusteringsmetode for særskilde verdipapirierte instrument. Metoden er etablert gjennom analysar og diskusjonar med ulike aktørar i marknaden (prisleverandørar, meklarar og eksterne forvaltarar) og er meint å ta omsyn til den nemnde uvissa knytt til prising av slike instrument. Metodane inneber at verdien av enkelte typar verdipapirierte instrument, inklusive "Structured Investment Vehicles", er nedjustert gjennom eit uvisselikviditetsfrådrag på den verdien som er rapportert frå ordinære priskjelder. Storleiken på likviditetsfrådraget er avhengig av vurdert uviss i prisen frå prisingskjelda.

Uvissa knytte til verdsetjing for fondet blir vurdert som størst for instrumenta som er med i denne prisjusteringa. Desse investeringane består av verdipapiriserte obligasjonar (ABS, RMBS og CMBS) og enkelte Structured Investment Vehicles med ein total marknadsverdi på ca 80 milliardar kroner. Det er rekneskapsført eit likviditetsfrådrag for desse instrumenta på 3 milliardar kroner pr 30. september 2008. Likviditetsfrådraget ved kvartalsslutt er rekneskapsført som urealisert tap på resultatlinja. Netto inntekt/kostnad og gevinst/tap frå obligasjonar og andre renteberande verdipapir.

Det er ikkje gjort nye investeringar i denne typen instrument i kvartalet.